

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 19/776-1

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020

Fylkesdirektøren legg fram saka utan tilråding

Vedlegg:

1. Søkjarar med ungdomsrett til yrkesfag skuleåret 2019-2020
2. Søkjarar med ungdomsrett til kvar skule skuleåret 2019-2020
3. Tal søkjarar med ungdomsrett med førsteønskje opplæring i bedrift og tal avtalar om læreplass i kvart fag
4. Innspel frå opplæringskontora

SAKSFRAMSTILLING

Søknadsfristen til vidaregåande opplæring er 1. mars. Dette gir knappe tidsfristar for handsaming av saka om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2019-20.

Saka skal handsamast i hovudutval for opplæring 27. mars. Fagopplæringsnemnda sitt vedtak (saksprotokollen) blir vedlegg til saka og blir lagt til grunn for fylkesdirektøren sitt saksframlegg.

For å få til gode prosessar mellom fagopplæringsnemnda og opplæringskontora, har arbeidsutvalet for fagopplæringsnemnda hatt dialogmøte med opplæringskontora i forkant av møte i nemnda. Innspel frå dialogmøtet vil bli lagt fram for nemnda i møte. Skriftelege innspel frå opplæringskontora ligg som vedlegg.

Dokumenta som følgjer saka er oversyn over søkjarar med ungdomsrett til yrkesfaglege utdanningsprogram og programområde. Det ligg også ved oversyn over endringar i søkjartala frå skuleåret 2018-19 til skuleåret 2019-20 for dei ulike utdanningsprogram og nivåa.